

## NÅDE FRAM I TIDA

### PROSJEKTBEKRIVELSE

#### Sammendrag:

Jubileumsførestellinga NÅDE FRAM I TIDA er ein gjennomkomponert dugnadsproduksjon, forankra i tekst og musikalsk materiale frå vår Lutherske arv. Den varslar ei ny tid, ei nådetid for Guds folk. Elisabeth Moldestad skriv salme (oms. engelsk og tysk), springbrettet i prosjektet. Marianne Reidarsdatter Eriksen toneset tekst, som vert renninga i veven som artistane Ida Maria, Gabrielle, Bendik, Ingebjørg Bratland og Marit Larsen vert inviterte inn i. Songarar og musikarar frå Bergen Domkor og Bergen Filharmoniske Orkester er med. Eit særskilt samansett ungdomskor frå Reformasjonsbyane Åbo, Erfurt, London og Bergen vil bidra. Atle Halstensen er musikalsk leiar. Linn Ullmann les eigen prolog. Førestellinga vert strømma til reformasjonsbyane i Europa.

#### Kunstnerisk/kulturell/faglig målsetting:

I utfordrande møte mellom engasjerte og bevisste utøvarar, utvikle eit særprega og framifrå musikalsk uttrykk som gjer inntrykk og engasjerer eit ungt publikum. Vi inviterer unge kvinnelege utøvarar frå ulike sjangrar, til å leike seg med arven etter Luther.

#### Tema/materiale:

Med grunnlag i ein nyskriven salmetekst og melodi, gå inn i ein musikalsk og tekstlig dugnad i landskapet etter Luther. Håpet er å bringe fram noko nytt, sterkt og varig, - som vil bane veg for glede og engasjement rundt kyrkja og musikken.

#### Beskrivelse/prosjektbeskrivelse:

Bergen er Noreg sin Reformasjonsby i 2017, og del av eit nettverk av 68 byar i 19 land. I dette høvet vert det invitert til Luther Festdagar frå 3. til 7. mars. Motto for markeringa er «Et nådens år» og hovudmål er å:

- gjere synleg spor av reformasjonen i samfunnet
- Feire dei gode fruktene av reformasjonen
- Gi impulsar til debatt om våre samfunnsverdiar

Eit høgdepunkt under jubileumshelga er festførestellinga i Johanneskirken, laurdag 4. mars kl. 20.00. For å ringe inn eit «nådens år» for Herren, og nytte Reformasjonsmarkeringa til bevisstgjerung kring våre verdival, presenterar vi eit nytt og sterkt musikalsk og visuelt uttrykk, utvikla av våre beste opphavskvinner, våre beste musikarar og våre mest markante unge kvinnelege artistar som medskaparar og solistar.

Jubileumsførestellinga NÅDE FRAM I TIDA er ein nyskriven og gjennomkomponert produksjon med varsel om ei nådetid, et vendepunkt for Guds folk. Forankra i tekst og musikalsk materiale frå vår Lutherske arv, vil vi utvikle ein kunstnarleg heilskap som vil bli hugsa fordi den formidlar sanning om den tida vi no går inn i. Salmeforfattar Elisabeth Moldestad har formulert grunnlaget for den nye salmen som danner kjerna i prosjektet.

Førestellinga vil bli strømma til nettverket av reformasjonsbyer via [r2017.org](http://r2017.org). Salmen skal derfor omsejast til engelsk og tysk. Komponist Marianne Reidarsdatter Eriksen har sagt ja til å tonesette teksten som vil vere utgangspunktet for invitasjoner til dei unge kvinnelege artistane som skal vere med. Dei vert bedne om å bidra med både tekst og musikk inn i ei sterk og klår vevnad, Nåde fram i tida. Marianne Reidarsdatter Eriksen vil òg komponere det totale lydbildet for blanda kor, ungdomskor, kammerorkester og band. Linn Ullmann vert spurt om å skrive ei prolog til førestellinga og framføre

den sjølv. Songarar og musikarar frå Bergen Domkor og Bergen Filharmoniske Orkester inviterast inn. Eit spesialsammensett ungdomskor frå Reformasjonsbyane Åbo, Erfurt, London og Bergen tek del. Total varighet 75-80 min.

Tekst: Elisabeth Moldestad

NÅDE

NÅDE GJENNOM TIDA  
HEILE TIDA GJENNOM KRISTUS  
HAN I OSS OG VI I HAN  
SJÅ DEI GODE SPORA  
SPOR AV ANDRE GJENNOM KRISTUS  
HAN TIL OSS OG VI TIL HAN

REF: HAN TIL OSS OG VI TIL HAN, HAN TIL OSS OG VI TIL HAN, NÅDE.

NÅDE INN I TIDA  
DENNE TIDA GJENNOM KRISTUS  
HAN FOR OSS OG VI FOR HAN  
LEVE MED KVARANDRE  
MED KVARANDRE GJENNOM KRISTUS  
HAN MED OSS OG VI MED HAN

REF: HAN MED OSS OG VI MED HAN, HAN MED OSS OG VI MED HAN, NÅDE.

NÅDE FRAM I TIDA  
TID SOM VENTAR GJENNOM KRISTUS  
HAN HOS OSS OG VI HOS HAN  
VERA TIL I NÅDE  
NÅDETIDA GJENNOM KRISTUS  
HAN I OSS OG VI I HAN  
REF: HAN I OSS OG VI I HAN, HAN I OSS OG VI I HAN, NÅDE

**Formidling:** Førestellinga, høgdepunktet under den nasjonale reformasjonsmarkeringa i Bergen, - blir ei engangshending, men vert strømmma på nett, og får slik verdi for eit større publikum. Den nyskrivne salmen vil leve vidare blant folk. Det musikalske resultatet kjenner vi ikkje enno, det er ope, - og vil femne det beste frå fleire sjangrar: folkemusikk, jazz, klassisk, pop, kyrkjemusikk, m.m. Det vil kreve et større apparat av både lys- og lyd-teknikk til avviklinga.

**Plan for marknadsføring:**

Førestellinga vert marknadsført i samand med Luther festdagane i Reformasjonsbyen Bergen 2017, som er frå 3. til 7. mars. Ei særskilt kampanje vil verte iverksatt overfor konfirmantar og ungdom generelt, vidaregåande skular i Hordaland m.m. Hovudkanal vil vere sosiale medier.

**Arrangement:**

Framføringa finn sted i Johanneskirken i Bergen, kl. 20. Den er del av ein større festival i Reformasjonsbyen Bergen – Lutherfestdagane 3. – 7. mars .2017.

1.9.2016